

ÅRSMELDING FOR HEDMARK NEI TIL EU 2020

Det førre årsmøtet

Årsmøte 2020 blei halde på Scandic Elgstua i Elverum den 22. februar 2020. Sven R. Gjems hadde prolog ved opninga. Det var også eit kulturinnslag ved Tor Karseth. Årsmøtet handsama dei vanlege årsmøtesakene og vedtok to fråsegner:

- EU er ikke løsningen på klimaproblemene
- Ut av EØS – styrk Nei til EU!

Etter årsmøtet blei det invitert til eit ope møte med tema:
Skogbruket i det grønne skiftet v/ Lars Erik Rønningen
Deretter var det diskusjon og spørsmål.

Styret har vore samansett slik:

Leiar: Harald Dyrkorn, Sør-Odal
Nestleiar: Rigmor Tollan, Tolga
Styremedlem Anders Såstad, Stange
Styremedlem Jon Einar Birkevold, Løten
Styremedlem Jon Tore Knoff, Tørberget
Styremedlem Idar Tollan, Tolga

Varamedlemmer:

1. Anne-Lise Lysgård , Tolga
2. Erling Hyllvang, Engerdal
3. Paal Bjerkek, Elverum

AU har vore Harald Dyrkorn, Rigmor Tollan og Anders Såstad

Aktivitet i styret

I 2020 aktiviteten i styret vore liten. Det har i nokon mon hatt samanheng med covid-19-pandemien. Etter årsmøtet 2020 har styret hatt to møte:

- 16.3.2020, telefonmøte
- 2.9.2020, møte på Scandic Elgstua, Elverum

Harald Dyrkorn har delteke i digitale fylkesleiar møta gjennom året. Styret tok sikte på å gjennomføre studietiltak og skrive avisinnlegg, men dette har ikkje blitt følgt opp.

Landsmøtet 2020

Landsmøtet 2020 vart gjennomført digitalt. Desse var delegasjon for Nei til EU i Hedmark:

Harald Dyrkorn, Skarnes
Rigmor Tollan, Tolga
Idar Tollan, Tolga
Anders Såstad, Stange
Ann Synnøve Ulvund, Tynset
Anne Kristin Kjernlie, Elverum

Medlemsutvikling og verving

Hedmark Nei til EU hadde på slutten av 2020 1090 betalende medlemmer, mot 1161 ved slutten av året i 2019. Dette er ein nedgang på 71 medlemmer. Nei til EU totalt hadde 19583 den 31. desember 2020 mot 20303 betalende medlemmer i 2019.

Antal medlemmer i Hedmark:

2020: 1090
2019: 1161
2018: 1219
2017: 1250
2016: 1316
2015: 1333
2014: 1348

Styret deltok i verveaksjonen som Nei til EU hadde våren 2020. Idar Tollan var verveleiar. Hausten 2020 hadde Nei til EU også ein verveaksjon der innsatsen frå Hedmark var svakare enn tidlegare.

Økonomi

Regnskapet for 2020 er ført av regnskapsfirmaet Vekstra Nord-Øst BA, avdeling Vingelen.

Rekneskapet for 2020 viser eit overskot på kr. 136 376,- .

Årsmøtet 2020 gav styret fullmakt til å løyve midlar til ACER-rettsaka. Denne løyvinga vart ikkje gjort i 2020.

Styret i Hedmark Nei til EU

